

13.06.2015

Høyringsinnspel til forslag til planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Karrieresenteret ved Studentsamskipnaden i Bergen har følgjande kommentarar og innspel til Plantema, punkt 4.1, 4.2 og 4.3:

Karrieresenteret skal lette overgangen frå studiar til jobb for studentane i Bergen. Det er eit gratis tilbod til alle som betaler semesteravgift til SiB (ca. 30 000 studentar). Karrieresenteret tilbyr ulike karrieretenester, t.d. rettleiing, jobbsøkerkurs, intervjuutrening og kontakt med arbeidslivet..

Det blir i pkt. 4.1 påpeika at årsakene til at det ikkje er tilgjenge på tilstrekkelig og kompetent arbeidskraft m.a. er at arbeidsgjevar ikkje har «tilstrekkeleg kunnskap om kva kompetanse ulike kandidatar har og kva kompetanse som ville vore nyttig for deira verksemd».

Framleis er avstanden mellom akademia og arbeidslivet stor, det fins få forbindelses liner mellom dei som studerer og dei som tilset. Mange studentar har deltidsjobb, men ofte som ufaglærte hjelparar innan helse og handel. Dei får ikkje vist fram den eigentlege kompetansen sin til arbeidsgjevar.

Som ein annan årsak blir det peika på at "mange ferdige kandidatar dreg frå regionen etter endt utdanning». Kvart år avsluttar rundt 5000 studentar utdanninga si frå ein høgare lærestad i byen og vi veit gjennom eigne kandidatundersøkingar at ca. 50 prosent av dei finn seg arbeid andre stader enn i Bergens regionen. Vi trur det er plass til og behov for fleire nyutdanna i regionen, men det trengs «augeopnarar» på begge sider for at det skal skje..

Betre kjennskap til ny kompetanse

I pkt. 4.2 blir det peika på at meir praksis i utdanningane kan vere eit tiltak for å auka arbeidslivet sin kjennskap til ulike utdanningar. Dette trur vi er vegen å gå, og også studentane etterspør dette. Gjennom ein praksisperiode vil arbeidsgjevar bli kjent med både person og kompetanse, og studenten kan få praktisere kunnskapen sin og vist kva ho kan. Arbeidsgjevar vil seinare lettare «kjenna igjen» den same kompetansen i framtidige rekrutteringsprosessar.

Like viktig er det at studentane blir merksam på lokale arbeidsgjevarar som dei kanskje ikkje visste om. Etter snart 15 års erfaring med avgangsstudentar veit vi at mange har ein tendens til å søkje seg arbeidsgjevarar og bransjar dei kjenner frå før. For å snu denne trenden, bør det satsast på både informasjon på eit overordna nivå og på konkretet tiltak, som praksis i utdanninga.

Auka satsing på karriererettleiing

Under punkt 4.3 vert det peika på at «mange unge veit lite om ulike utdanningar og ikkje alle veit kva dei vil». Det er blitt eit utal av alternativ å velja mellom dei seinare åra, og dermed mykje vanskelegare å ta val. Desto viktigare er det med god rettleiing på ulike nivå.

Styremaktene har dei siste åra auka satsinga på karriererettleiing. Det er etablert fylkeskommunale karrieresentre over heile landet, og det er oppretta ein eigen rettleiingseining i Vox, som er eit nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk. Vox har lagt ned mykje arbeid i å bygge opp digitale verkty for både rettleiarar, lærarar og endåtil foreldre (Utdanning.no).

Alle universiteta og mange høgskular har eigne karrieresentre. Dei første vart etablert alt rundt 1990. I Bergen blei Karrieresenteret i SiB etablert i 2001.

Det er ofte liten kontakt mellom dei ulike nivåa, dette kan skuldast at dei ulike sentra rettar seg inn mot ulike målgrupper. Vi trur at alle som driv med karriererettleiing ville vere tent med betre kontakt med kvarandre, også dei som driv privat. Det ville truleg også komme målgruppene til gode på litt sikt.

Det kan verke som om det manglar eit «apparat» som kan fanga opp dei som treng hjelp i fasen mellom avslutning på vidaregåande og til dei byrjar å studera. I dag kjem mange nye studentar til Karrieresenteret tidleg i første semester og ønskjer rettleiing i høve til studieval. Mange føler at dei har valt «feil» og vil bytte utdanning kort tid etter at dei har byrja. Det er tema i svært mange samtaler med ferske studentar. Denne prosessen bør dei i større grad få hjelp til før dei byrjar på universitet eller høgskule.

Ein god start har mykje å seie for korleis studenten meistrar studentlivet seinare. Den nasjonale undersøkinga i 2014 om studentars helse og trivsel (SHoT 2014), som studentsamskipnadene står bak, viste dette. Der svarte nesten 20 prosent av studentane at dei hadde psykiske plager, ein prosent alle aktørar må samarbeida om å redusera. God karriererettleiing både før og underveis i studiane vil vere eit bidrag til det.

Med vennleg helsing

Rønnaug Tveit
Dagleg leiar
Karrieresenteret, SiB